

Protokoll frå omframt årsmøte IL Bjørn 2017.

Tid: Tysdag 19. september 2017 kl 19.00

Stad: Grandmo lagshus.

Til stades: 13 personar.

Sak 1. Opning

Leiar Bjørn Tore Årøy ønskte velkommen.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Samråystes vedtak:

1. *Innkalling og sakliste vart godkjend*

Sak 3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å signera protokollen

Samråystes vedtak:

1. *Bjørn Tore Årøy vart vald til møteleiar.*
2. *Lene Fuhr Sandvik vart vald til referent.*
3. *Line Pedersen Døsen og Bjørn Røneid vart valde til å signera årsmøteprotokollen*

Sak 4. Status økonomi

Økonomiansvarleg, Ann Kristin Sperle, gav ein rask oppdatering på den økonomiske statusen i klubben.

Leiar, Bjørn Tore Årøy, gjekk gjennom kva økonomiske grep klubben må ta for å bygga og drifta Luster Idrettspark, i tillegg til våre andre anlegg og gjeremål.

Dei viktigaste punkta i planen er:

- Innføra treningsavgift frå og med 2018
- Auke medlemstalet og få fleire støttemedlemer
- Sal av stadionrekklame på Gaupne Stadion
- Bussrekklame, reell auke frå 2017

- Drift av eksisterande anlegg på dugnad
- Justera reiseregulativet
- Redusera utgifter til trenarar
- Justera ordningen med rabatt på klubbklede og klubbpakkar
- Resdusera dommarutgifter
- Utleige av anlegget til andre lag

I tillegg skal gruppene frå og med 2018 arbeide aktivt mot eigne sponsorar, i tillegg til hovudsponsorane for laget.

Det blir også sett inn tiltak for å sikra at flest mogleg av dei som er med på våre aktivitetar er medlemmar og betalar kontingent. Det er eit mål å rekruttera medlemmar som fylgje av eit nytt idrettsanlegg.

Sak 5. IL Bjørn reiseregulativ

Samrøystes vedtak:

1. *Det framlagde reiseregulativet vert godkjent slik det ligg føre med fylgjande endring:*
 - a. I punkt 2 skal "konkurransar" endrast til "terminfesta konkurransar".

Sak 6. Medlemskontingent og treningsavgift 2018

Samrøystes vedtak:

1. *Medlemskontingenoten for 2018 vert godkjend slik det ligg føre:*

Ordinær medlemsavgift per år:		kr 300,-			
Treningsavgift per gruppe	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-
Fotball	0	500	800	1 500	1 500
Handball	0	200	400	1 200	1 200
Symjing	0	200	400	1 000	1 000
Trim og barneidrett	0	0	0	700	700
Ski	0	500	500	1 200	1 200

-
2. *Tillitsvalde og trenarar må også betale ordinær treningsavgift i tillegg til medlemsavgift dersom dei deltek på ein aktivitet.*

Sak 7. Finansieringsplan og driftsplan Luster Idrettspark

Bakgrunn for omframt årsmøte:

Sak 5 i Årsmøtet 2017 - "Finansieringsplan og driftsplan skal godkjennast i ekstraordinært årsmøte så fort denne er ferdig utarbeida"

Finansieringplan og driftsplan for Luster Idrettspark ligg ved saksdokumenta.

Luster Idrettspark er ein arbeidstittel, og er i røynda samansett av tre ulike anlegg i offentlege planar; Anlegg for friidrett, Kunstgrasbane med lysanlegg og undervarme.

Luster Idrettspark, inklusive administrative og uforutsette kostnader, er kostnadsrekna til om lag 19 millionar. Sjølve anlegget utgjer 17 millionar.

Normalt vil speleidlar dekka om lag ein tredjedel av kostnadene. I Luster er me også heldige at kommunen bidreg med støtte tilsvarende speleidlane. Men speleidlar har eit øvre tak for kor mykje dei dekkar for kvar anleggstype. Slik planane føreligg, ligg me noko over "taket" for offentlege bidrag, og må difor dekka inn resten sjølv.

Idrettslaget har ein fri eigenkapital avsett til anlegget på kr 3,2 mill. Det betyr at inntil me får inn meir eigenkapital må me ta opp eit lån på om lag kr 5,2 mill. Størstedelen av dette lånet blir kortsiktig grunna forventa momsrefusjon på kr 3,4 mill.

Finansiering og drift av eit slikt anlegg vil krevja mykje av økonomien til idrettslaget i 30 år framover.

Samråystes vedtak:

1. *Den framlagde finansieringsplanen vert godkjend slik den ligg føre.*
2. *Styreleiaren får, på vegner av klubben, fullmakt til å teikna lån i Luster Sparebank for inntil kr. 5 200 000,- Lånet skal nyttast som eigenkapital til finansieringa av dei ulike anlegga i Luster Idrettspark.*
3. *Den framlagde driftsplanen vert godkjend slik den ligg føre.*
4. *Hovudstyret får mandat til å justere planane for å sikra at dei vert godkjende i samråd med kommunen, UniSport og anna fagpersonell.*

IDRETTSLAGET

BJØRN

SKIPA 21.05.1966

6866 GAUPNE

Gaupne, 19. september 2017

Protokollen er lesen og godkjent:

Lene Fuhr Sandvik

-Referent-

Line Pedersen Døsen

Bjørn Røneid